

Årsmelding 2023.

6. mai arrangerte vi årsmøtet for Valdres historielag. Vi starta med omvising i Kulturstøga i Øye, så stavkyrkja og til Låvemuseet. Årsmøtet vart halde på Tyinkrysset.

23. august var Hemsedal historielag her på medlemstur. Dei vart guida rund, og var mellom annen innom Låvemuseet til Aud og St. Tomaskyrkja. Dei ville gjerne ha besøk av oss.

2. september hadde vi Kraftverksdag for 24 deltagarar. Vi var innom Rysna, gamle Eidsfoss og Ylja kraftverk, med gode og interessante omvisarar. Vi var også innom hjå Johannes Kasa og fekk flott omvising på alt han har laga til på garden sin.

7. september hadde vi nærtur i lag med Frivilligsentralen. Turen gjekk om Nørsvin, forbi Trøllhus og Høvdan, og det var med 12 deltagarar.

Medlemstalet for 2023 var 28 enkeltmedlemar og 41 familiemedlemskap.

Vang, 2.5.2024

Tore Hovda, leiar.